




Cruisestrategi for Kvinnherad 2021- 2030



Bakgrunn

Cruisestrategi for Kvinnherad 2021-2030

Cruisestrategi er ein del av overordna temaplan for reiseliv for Kvinnherad Kommune som igjen skal forankrast i overordna strategisk næringsplan.

Cruisestrategi for Kvinnherad er utvikla i dialog med Rosendal Hamn AS, Skålafjæro AS, KNS, Visit Rosendal, Kvinnherad kommune, Tide Buss, BKK mfl.

Strategiplanen baserar seg på:

- FN sine 10 prinsipp for ei bærekraftig utvikling av reiselivet.

- Vestlandsrådet sin felles cruisestrategi for Vestlandsregionen, avstemming av eigen strategi mot denne.
- Masteroppgåve til Helene Olderkjær Lillebø om reiselivet i bygda Rosendal
- Felles viljeserklæring frå 14 kommunar for ei meir miljøvenleg cruisenæring.



FN sine 10 prinsipper for bærekraftig utvikling av reiselivet

VISJON 2030

KVINNHERAD – ein utslippsfri cruisedestinasjon med høg lokal verdiskapning

MÅL

Kvinnherad skal vere eit berekraftig cruisereisemål med høg regional verdiskaping, låg miljøpåvirkning og god ivaretakelse av lokalsamfunn.

Planen er delt inn i fire målområde;
A - miljø, B - produktutvikling, C - lønnsemd og
D - marknad

DELMÅL, STRATEGIER OG TILTAK

A – MILJØ

A - Delmål miljø

- Nullutsleppsløysing i transport knytt til cruiseanløp
- Lokal transport knytt til cruiseanløp skal så langt som mogleg skje med nullutslepp transportmiddel.
- Innsegling til Kvinnherad skal ha låge utslepp eller vere utsleppsfree.

A - Strategiar miljø

- Formidle Kvinnherad sine miljøkrav til cruisenæringa og prioritere anløp av skip med låg- eller nullutslepp.
- Vurdere bruk av EPI (Environmental Port Index) systemet for å auke talet på miljøvennlege cruiseskip.
- Betre spreiling av cruisegjestane, både i tid og geografi, til andre og fleire attraksjonar og sjåverdigheter i regionen.
- Påverke til at det vert nytta utsleppsfree transport med tilhøyrande landsstrøm- og ladestrømsløysingar, til utflykter i størst mogleg grad. Vurdere andre transportformer som t.d. båt til attraksjonar i nærområdet.
- Være ein aktiv pådrivar for oppfølging av « Felleserklæringen for ei meir miljøvennleg cruisenæring.»

A - Tiltak miljø

- Makstal på 1000 cruisepassasjerar per dag som er i Rosendal til same tid og kommunisere dette til reiarlaga og agentane. Då er trafikken lokalt forankra, balansert og konfliktane blir minimert. Dette er ikkje eit lovvedtak, men ei føring frå Kvinnherad kommune. Føringa må vidareformidlast til reiarlaga. Ansvarleg: Kvinnherad kommune og Rosendal Hamn.
- Fleire av opplevingane som gjestane får tilbod om i land, bør basere seg på kollektivtransport og bisyklar eller gå sjølv. Det aukar berekrafta
- Bussparkering må ikkje legge beslag på dei finaste områda av Rosendal, cruisegjestar må kunne gå f.eks. 500 m til transportmiddel.
- Administrere tidspunkt for ankomst på skip for betre spreiling i forhold til dei mest sårbare attraksjonane. Ansvarleg: Rosendal Hamn
- Prioritere anløp av lågutsleppskip, evt ved hjelp av EPI systemet. Ansvarleg: Rosendal Hamn
- Vurdere moglegheiter og konsekvensar av eit system for fellesgodefinansiering som omfattar cruisepassasjerar. Jobbe mot dette på nasjonalt plan. Ansvarleg: Kvinnherad kommune
- Legge til rette for at cruisepassasjerar nytta større deler av kommunen for å spreie trafikken betre og gi fleire lokale bedrifter moglegheit til å dra økonomisk nytte av cruisetrafikken. Ansvarleg: utfordring til reiselivsnæringa.

- Legge fram solid faktagrunnlag og kunnskap om miljømessige konsekvensar av cruisetrafikk til regionen og formidle dette. Ansvarleg: Kvinnherad kommune
- Arbeide mot nasjonale myndigheter for å oppfylle utsleppsfree innsegling til Kvinnherad og andre fjordar og stader i regionen. Ansvarleg: Kvinnherad kommune
- Kvinnherad kommune bør vurdere utvikling av landstraums- og ladestraumstilbod etter internasjonal standard for cruisehamn i Kvinnherad.

B – PRODUKTUTVIKLING

B - Delmål produktutvikling

- Produkta som blir tilbydd turistar skal ha høg kvalitet, lågt miljøavtrykk og være lønsame for kommunen sine tilbydarar
- Utvikle Rosendal Hamn med høg miljøstandard som støtter opp om hovudmål for cruiseregionen.
- Utgreie fleire aktuelle cruisehamner i Kvinnherad kommune
- Sørge for eit betre tilbod for cruisegjester som vil vandre eller sykle i sentrum.

B - Strategiar produktutvikling

- Vidareutvikle nye natur- og kulturbaserte primærattraksjonar i heile kommunen som avlastning for Bondhus.
- Utvikle fleire landbaserte tilbod og utflukter i lågsesongen, basert på kjennskap til målgruppa sine ønsker og behov.
- Oppfordre cruisereiarlag til å nytte lokale leverandørar der desse er leveringsdyktige.

B - Tiltak produktutvikling

- Produsere forslag til kommersielle vandreturar og sykkelturar i sentrum for individuelle cruisepassasjerar samt

nye utflukter som og inkluderer lokal omsetning i regionen. Ansvarleg: Utfordring til reiselivsnæringa

- Betre skilting/info materiell i sentrum for gåande og syklande cruisegjester. Ansvarleg: Kvinnherad kommune
- Fleire offentlege toalett som og cruisepassasjerar kan bruke. Ansvarleg: Kvinnherad kommune
- Betre trafikkavvikling og bussoppstilling i tilknyting til cruiseanløp. (Innspel til områdeplan. Ein ønsker ikkje at Rosendal skal vere ein tom parkeringsplass for bussar)
- Vurdere moglegheitene for å kunne tilby miljøvenlege drivstoffleveransar til cruiseskip i Kvinnherad kommune. Ansvarleg: Rosendal Hamn

C – LØNNSEMD

C - Delmål lønnsemد

- Auke cruisegjestane si gjennomsnittlege o pphaldstid i land.
- Auke talet på reiarlag og cruisepassasjerar som bidrar til lokal verdiskaping
- Auke talet på cruisepassasjerar som kjøper utflukter.
- Sikre betaling for organisering av opplegg. Innføring av gebyr ved avbestilling.

C - Strategiar lønnsemد

- Selektere/prioritere reiarlag med fokus på lokal verdiskaping.
- Arbeide for at lokale mat- og drikkeleverandørar kan leve til cruisereiarlag. Foreta en nullpunktsanalyse som gjer greie for landbasert omsetning frå cruisegjester i Kvinnherad.

C - Tiltak lønnsemد

- Identifisere nye moglegheiter for lokal verdiskaping frå cruisetrafikken til regionen. Ansvarleg: Utfordring til reiselivsnæringa

- Kartlegge den økonomiske effekten av cruiseturisme til Kvinnherad og gjennomføre regelmessige målingar for å følge utviklinga. Ansvarleg: Fellesskap mellom fleire (Reiselivsnæring, Kvinnherad kommune, Rosendal Hamn, Tide Buss).
- Spisse marknadsinnsatsen mot reiarlag som bidrar til høg lokal verdiskaping. Ansvarleg: Rosendal Hamn AS

D – MARKNAD

D - Delmål marknad

- Mindre kø og opphoping av tilreisande på dei mest kjente og populære attraksjonane og sjåverdigheteitene.
- Stabilisere årleg tal cruisegjester til anbefalt tolegrense, og med ein enda jamnare spreiing over hele året.
- Talet på cruisepassasjerar pr. dag skal tilpassast kommunen sin infrastruktur og kapasitet, saman med anna turisttrafikk.
- Høy kundetilfredsheit blant reiarlag og cruisegjester som besøker Kvinnherad.
- Styrke kunnskapsnivået om cruiseaktiviteten gjennom meir kunnskapsbasert informasjon.

D - Strategiar marknad

- Fokusere på Kvinnherad kommune sin miljøprofil og miljøtiltak som eit konkurransefortrinn.
- Være en aktiv aktør i det internasjonale marknadsarbeidet og selektere kundar iht overordna mål for Rosendal som cruisehamn. Vurdere medlemskap i Cruise Destination Hardangerfjord

D - Tiltak marknad

- Tydeleg kommunikasjon mot kommunen sine innbyggjarar og beslutningstakara

r om kva mål ein har satt for utviklinga av cruisetrafikk til Kvinnherad. Ansvarleg: Alle/Rosendal hamn

- Forsterke samarbeidet mellom Rosendal Hamn, kommune og reiselivsaktørar, og forankre satsinga hos relevante beslutningstakarar. Ansvarleg:
- Rosendal hamn/Kvinnherad kommune/Visit Sunnhordland,
- Visit Hardangefjord
- Kartlegge reiarlag som kan tilføre meir trafikk i lågsesong og som har høg betalingsvilje. Ansvarleg: Rosendal hamn

Føresetnadar for å lukkast med gjennomføring av strategiplanen.

Det er særleg tre vilkår som må vere på plass for at man skal lykkast med gjennomføring av strategi og tiltak, og gjennom dette oppnå dei mål som er satt for utvikling av cruisetrafikk til Kvinnherad.

1. Det bør gjerast ein avklaring av kva organisasjon som skal ha det koordinerande og overordna ansvar for gjennomføring av cruisestrategien. Det vil vere naturlig å fordele arbeidsoppgåver på fleire organisasjonar. Det er derfor viktig med eit koordinerande organ som har ansvaret for at ønska framdrift og iverksetting av tiltak skjer i tråd med det som er vedtatt i planen, av ansvarleg organisasjon og til avtalt tid. Turistinformasjonen i Kvinnherad kommune kan ta på seg denne oppgåva, men er då avhengig av å få inntekter av cruisetrafikken. Kan bidra til å utvikle aktivitetar
2. Det må utarbeidast eit budsjett for dei ulike tiltaka som skal settast i gang og på bakgrunn av dette må det sikrast finansiering og øvrige nødvendige ressursar som

gjer ein i stand til å gjennomføre vedtatt plan.

1. 3. Alle organisasjonar som har vore delaktig i å utvikle strategi planen bør behandle denne i sine styrande organ og stille seg bak og støtte planen som et felles verktøy for utvikling av cruisetrafikken til Kvinnherad

